

MØTEREFERAT 11. april 2023

Råd:	Nysæter sokneråd
Tid:	Tysdag 11. april 2023
	Kl. 17.00-19.00
Møtestad:	Nysæter kyrkje
Kaffi:	Karen Marie
Opning:	Brynhild

" Nysæter kyrkje - ein heim for alle, her finn me tru, håp og kjærleik i Guds hand "

Møtte: Marta Kristin Valvatne, Oddbjørg Løkling, Heine Kaldefoss, Jens Arne Stautland, Katrine Valvatne Kvernenes, Karen Marie Valvatne, Ingebjørg R. Grønsdal, Randi Bod Haugsdal, Reidar Ådnanes

Fråvær: Kristine Wiersen, Ståle Betten,

SAKLISTE

2023/10 - 012.1 Godkjenning av innkalling og sakliste.
Eit 3. punkt under generelt – evaluering av påskegudstnестene og årsmøtet

Vedtak: Godkjent, med dette tillegget.

2023/11 - 012.1 Godkjenning av referat frå soknerådsmøte 07.02.2023

Vedtak: Godkjent.

2023/12 - 350 Kyrkjemusikk

Saksutgreiing: Kantor Bjarte Aadland er med på møtet. Tenesta er som før, men utfordringane er gjerne litt annleis. Litt meir utfordringar med å få organistkabalen til å gå opp, då det er vanskeleg å få vikarar. Korarbeidet er litt krevande, det er vanskeleg å få nye medlemmer til koret. Akkurat no jobbar Sanctus med «trad i i dansen» ei folkedansmesse. Dette prosjektet er samarbeid med Etne og eit prosjektkor der. Bjarte held og på med eit prosjekt saman med Bergen domkor. Dette vert ein konsert 3. juni på ettermiddagen. Oddbjørg hjelper til med betasuppe til koret den dagen. Bjarte fekk spørsmål om han synest det blir grei balanse mellom gamle og nye salmar. Han synest det er grei blanding. Flott og kunna bruka både nytt og gammalt. Salmekveldane som vert arrangert av og til er ein god måte å få inn nyare stoff på.

2023/13 - 120 Budsjett

Saksutgreiing: Nytt forslag til budsejtt for 2023 vart delt ut i møtet. Konto 11401 vert justert til 5000. Dette vert teke i frå 11202, slik at den vert redusert til 15000.

Vedtak: Nysæter sokneråd godkjenner budsjettet for 2023 med den endringa som er omtalt i saksutgreiinga.

2023/14 - 365 Basar

Saksutgreiing: Me treng ein komite til kyrkjebasaren 28. oktober 2023. Det trengst ein leiar som og tek ansvar for organisering av loddosal.

Vedtak: Heine vert basargeneral. Han tek kontakt med dei han vil ha med i komite.

2023/15 - 310 Takkofferliste for hausten 2023

Saksutgreiing: Det er laga forslag til takkofferliste ut i frå eit førebels forslag til gudstenesteliste.

Vedtak: Nysæter sokneråd vedtek takkofferlista slik den ligg føre.

2023/16- 002.31 Soknerådsva

Saksutgreiing: Det er soknerådsva 11.09.23. Den dagen må alle i soknerådet vera klar til å vera med i gjennomføringa av valet. Valkomiteen har no fått på plass ei liste med kandidatar til nytt sokneråd. Nysæter sokneråd har ansvar for å godkjenne lista med kandidatar til Nysæter sokneråd 2023-27. Me kjem tilbake til vakt ister for valdagen på neste soknerådsmøte.

Vedtak: Nysæter sokneråd vedtek nominasjonskomiteen si liste.

Nominasjonskomiteens liste Nysæter sokn val 11.09.2023	
Namn	Fødselsår
Lars Heine Kaldefoss	1961
Wenche Elin Midttun	1984
Bjarne Petterteig	1990
Sigrid Theodorsen Langøy	1992
Tormod Stautland	1973
Guro Betten	1975
Roald Sangolt	1946
Marit Magnussen Romfog	1958
Ida Elin Hatlevik Tvedt	1968
Ingebjørg Råheim Grønsdal	1944

• Generell informasjon

1. Gudstenester med spesielt fokus i vår:
30.04 blir det Misjonsdag. Komite: Marta Kristin, Katrine, Kaker: Karen Marie, Heine, Muffins: Oddbjørg, Utlodning: Heine Grilling: Reidar. Oddbjørg tek med karamellkaster.
17. mai – Lagar til frukost: Ingebjørg, Marta Kristin og Jens Arne møter kl 7.15.
Pyntar 16. mai kl 18: Ingebjørg og Brynhild.
18. juni vert det fellesgudsteneste i Stord. Runar Larsen skal ordinerast i Sveio.
25. juni familiedag i Gruo i samarbeid med Fest i vest. Reidar tek kontakt med Stord sokneråd for samarbeid.
2. Reidar informerer frå staben. Det er ein viss slitenhet i staben på grunn av sjukemelding og vakanse. Spannande med utlysning av pedagogstilling. Løysinga med deltidstilsett prest som sokneprest i Nysæter kyrkje er ikkje ei god ordning i lengda. Me håpar på at det snart vert utlysning no. Runar Larsen tek til 1. juli. I sommar vert han prest i vanleg teneste.
3. a) Evaluering av påske: Flott salmeval på dei ulike gudsteneste i påsken. Palmesøndag med storfamiliegudsteneste var ei flott oppleving. Ei fin oppleving for familiar. Trur det er noko me kan ta med vidare. Spennet i gudstenestne vidare i påsken fungerer godt. Det var bra med folk som stoppa igjen til kveldsmat etter gudsteneta på skjærtorsdag.
b) Årsmøte: Fungerte bra i år, med samarbeid med Solid og open dag på Nysæter ungdomsskule. Skal me tenkja annleis til neste år? Neste år tek me med oss erfaringane som Stord sokneråd gjer dette året. Dei prøver ei ny ordning dette året.
c) Nysæter sokneråd ynskjer å bestilla fleire salmebøker med stor skrift.

- **Skriv, referat og meldingar**

1. Referat frå Stord sokneråd 09.03.23

Sak 2023/15- 360 Kyrkjelydsleir 2023 - ein kommentar til denne saka.

- kan det vera ein leir for familiar i Nysæter og? Det er så få familiar i Nysæter, ikkje så aktuelt med ein familieleir i Nysæter av den grunn.

Neste møte i Nysæter sokneråd

Tid: 13. juni 2023 kl 17.00-19.00

Møtestad: Nysæter kyrkje

Opning: Jens Arne

Kaffi: Katrine